

*Paul Gunnar Larssen*

## **Overvakingssystemet for bedrifter i BoF**

## Forord

Dette notatet er ein dokumentasjon av overvakingssystemet for bedrifter i Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt Bedrifts- og foretaksregister (BoF).

Det er skildrar regelverk for førstegongs setjing og oppdatering av status-, type- og aktivitetskoder på bedrifter og foretak i BoF. Vidare blir resultatet av første gongs gjennomkøring av systemet dokumentert. Regelverket er utforma av Arbeidsgruppa for overvakingssystem og vedteke av referansegruppa BoF-IT/BoF-FAG. Prosjektgruppa BoF-FAG har også spelt ei viktig rolle i utforminga av regelverket.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

Anne Sofie Abrahamsen (720)  
Ann Kristin Grorud (410)  
Kaia Sillerud Haugen (460)  
Per Hellem (230)  
Kari Kraakenes (260)  
Paul Gunnar Larssen (410)  
Sigbjørn Strømsnes (420)

Anders Haglund (410) leia arbeidsgruppa frå starten i februar 1998 til januar 1999 og Espen Sørensen (240) var med i 1998.

# INNHALD

<b>FORORD .....</b>	<b>1</b>
<b>INNHALD:.....</b>	<b>2</b>
<b>LISTE OVER FIGURAR .....</b>	<b>3</b>
<b>LISTE OVER TABELLAR .....</b>	<b>3</b>
<b>0 INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>1 OVERVAKINGSSYSTEMET .....</b>	<b>4</b>
<b>1.1 Formål og bakgrunn .....</b>	<b>4</b>
<b>1.2 Kodeverk.....</b>	<b>5</b>
1.2.1 Statuskoder .....	5
1.2.2 Typekoder.....	5
1.2.3 Aktivitetskoder .....	6
<b>2 FØRSTEGONGS SETJING OG OPPFØLGING AV AKTIVITETSKODEN.....</b>	<b>7</b>
<b>2.1 Regelverk .....</b>	<b>7</b>
2.1.1 Fastsetjing av aktivitetskoden, første gong.....	7
2.1.2 Eksempeler på korleis koden blir sett .....	8
<b>2.2. Reglar for sletting av bedrifter (etter førstegongs setjing av koden).....</b>	<b>9</b>
<b>2.3 Foretak og bedrifter etter status-, type- og aktivitetskoder.....</b>	<b>10</b>
<b>2.4 Oppfølging av einingar på bakgrunn av aktivitetskoden .....</b>	<b>14</b>
2.4.1 Sletting av bedrifter .....	14
2.4.2 Oppfølging av andre einingar .....	15
<b>3 LØPANDE OPPDATERING OG OPPFØLGING AV AKTIVITETSKODEN .....</b>	<b>22</b>
<b>3.1 Oppdatering av aktivitetskoden.....</b>	<b>22</b>
3.1.1 Oppdatering frå AA-registeret .....	22
3.1.2 Oppdatering frå Momsmanntalet/SKDs terminfiler .....	23
3.1.3 Oppdatering frå Skatterekneskapet sine årsfiler .....	24
3.1.4 Oppdatering frå Rekneskapsregisteret .....	25
3.1.5 Oppdatering frå Sjølvmeldingsregisteret .....	26
<b>3.2 Oppfølging på bakgrunn av aktivitetskoden .....</b>	<b>27</b>
3.2.1 Maskinelle slettingar.....	27
3.2.2 Dokumentasjon/oppfølging .....	28
<b>De sist utgitte publikasjonene i serien Notater .....</b>	<b>29</b>

## Liste over figurar

1: FASTSETJING AV AKTIVITETSKODE OG KJELDEKODER .....	9
2: OPPDATERING FRÅ AA-REGISTERET .....	22
3: OPPDATERING FRÅ MOMSMANNTALET/SKDS TERMINFILER.....	24
4: OPPDATERING FRÅ SKATTEREKNESKAPETS ÅRSFILER.....	25
5: OPPDATERING FRÅ REKNESKAPSREGISTERET.....	26
6: OPPDATERING FRÅ SJØLVMELDINGSREGISTERET.....	27

## Liste over tabellar

1: FORETAK FORDELT PÅ AKTIVITETSKODER, KJELDEKODER OG FORETAKSTYPER .....	12
2: BEDRIFTER FORDELT PÅ AKTIVITETSKODER, KJELDER OG BEDRIFTSTYPE (FEBRUAR 2000).....	13
3: BEDRIFTER I EINBEDRIFTSFORETAK I PRIVAT SEKTOR FORDELT PÅ AKTIVITETSKODER, STATISTIKKDATA OG OM DEI ER MED I UTVAL .....	14
4: BEDRIFTER I EINBEDRIFTSFORETAK SOM SKAL SLETTAST PÅ BAKGRUNN AV AKTIVITETSKODE I FORDELT PÅ NÆRING .....	16
5: BEDRIFTER I EINBEDRIFTSFORETAK SOM SKAL SLETTAST PÅ BAKGRUNN AV AKTIVITETSKODE I FORDELT PÅ FORETAKETS REGISTRERINGSÅR I BOF .....	17
6: BEDRIFTER TIL EINBEDRIFTSFORETAK SOM ER SLETTA/HAR UTFYLT SISTE TERMIN I MOMS FORDELT ETTER NÆRING (TOSIFFER NACE) OG OMSETNING (I TUSEN KRONER).....	18
7: FORETAK SOM ER SLETTA/UTFYLT SISTE TERMIN I MOMS FORDELT ETTER NÆRING (TOSIFFER NACE) OG SYSSELSETJING .....	19
8: "AKTIVE" FORETAK SOM IKKJE HAR HATT BEDRIFT FORDELT PÅ ORGANISASJONSFORM OG TYPE AKTIVITET .....	20
9: "AKTIVE" FORETAK SOM IKKJE HAR HATT BEDRIFT FORDELT PÅ NÆRING (TOSIFFER NACE) OG TYPE AKTIVITET.....	21

## 0 Innleiing

Dette notatet er ein dokumentasjon av overvakingssystemet for bedrifter i Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt Bedrifts- og foretaksregister (BoF).

Notatet er tredelt der det i første delen vert gjort greie for bakgrunnen for og formålet med overvakingssystemet. Her blir dei ulike kodene gjennomgått, og det blir vist til korleis desse kodene skal brukast.

Del to dokumenterer regelverket for korleis aktivitetskoden vart sett første gong, og illustrerer også dette ved hjelp av eksempel. Resultatet av førstegongs gjennomkøyring blir dokumentert ved fordeling av bedrifter og foretak på status-, type- og aktivitetskoder. Vidare blir det gjort greie for reglar for sletting av bedrifter, og dokumentert kva bedrifter som vart sletta som resultat av denne gjennomkøyringa. Det blir også diskutert kva andre former for oppfølging av aktivitetskoden som er aktuelle.

Del tre er regelverk for oppdatering av aktivitetskodane ut frå ulike kjelder. Også her blir det brukt eksempel for å vise når kombinasjonar av opplysningar fører til endringar i aktivitetskoden. Del tre inneheld også regelverk for oppfølging av aktivitetskode i den løpande drifta av overvakingssystemet.

SAS-program som vart brukt til førstegongs setjing av aktivitetskoden og som brukast til løpande oppdatering, finns på q:\dok\bof\kjernen\program\SAS.

## 1 Overvakingssystemet

### 1.1 Formål og bakgrunn

Formålet med overvakingssystemet for bedrifter i BoF, er å dra nytte av den informasjonen om aktivitet i bedrifter vi kan hente frå administrative register som inngår i samspelet med Einingsregisteret (ER). Då BoF gjekk inn som eit tilknytt register til ER, auka populasjonen i BoF dramatisk, samstundes som vi fekk tilgang til informasjon om einingane frå andre administrative register som brukar organisasjonsnummer som identifikasjon. Tanken bak overvakingssystemet er å dra nytte av denne informasjonen for å avgrense populasjonen i BoF til verksemder som faktisk er i aktivitet, samt å sikre at det er registrert bedrifter på alle juridiske einingar der det foregår næringsverksemd. Dette vil bli gjort ved at vi innfører ein aktivitetskode, som i visse høve skal brukast til å oppdatere statuskoden på bedriftene. I einbedriftsforetak i privat sektor som ikkje er med i fagseksjonane sine strukturundersøkingar, vil statuskoden oppdaterast maskinelt på bakgrunn av aktivitetskoden. I andre tilfelle, som bedrifter som inngår i slike undersøkingar, bedrifter i fleirbedriftsforetak og i foretak utan bedrift, vil den vere grunnlag for manuell oppfølging. Bakgrunnen for at vi ikkje gjer maskinelle oppdateringar av dei bedriftene det her er tale om, er at vi forutset at fagseksjonane vidareformidlar tilbakemelding om opphøyr til BoF. Aktivitetskoden vil likevel vere til hjelp i saksbehandlinga i dei tilfella SSB ikkje får tilbakemelding frå bedrifter/foretak som er med i undersøkingar. Det må understrekast at aktivitetskoden åleine **ikkje** skal brukast til å avgrense populasjonen. Dette må gjerast ved hjelp av statuskoder og typekoder (som blir oppdaterte ved hjelp av aktivitetskoden).

I februar 1998 vart det oppretta ei SSB-intern arbeidsgruppe (Arbeidsgruppa for overvakingssystem), som skulle utarbeide forslag til nye status-, type- og aktivitetskoder som skulle erstatte dei dåverande tilstand- og typekodene. Vidare utarbeidde arbeidsgruppa eit regelverk for oppdatering av aktivitetskodene, og eit regelverk for bruk av aktivitetskoder til sletting av bedrifter i einbedriftsforetak, som SSB ikkje er i kontakt med på annan måte. Det nye kodeverket og regelverket vart vedteke av Referansegruppene BoF-IT og BoF-FAG 7. mai 1999. Nye status- og typekoder vart teke i bruk ved omlegginga av BoF frå stormaskin til UNIX/ORACLE-plattform i oktober 1999. Førebels er statuskodene i bruk parallelt med dei gamle tilstandskodene, medan nye typekoder har erstatta dei gamle. Alle bedrifter og foretak har fått ein aktivitetskode. Dette vart lagt inn i BoF i begynnelsen av

mars 2000 under arkfanen "andre kjennemerker"<sup>1</sup>. På bakgrunn av koden som då vart lagt inn, vart det gjennomført ein større sletteoperasjon som det blir gjort greie for i kapittel 2. Dei første oppdateringane vart gjort i løpet av mars og april. Frå og med mai 2000 blir aktivitetskoden oppdatert kvar månad på bakgrunn av talet på tilsette, samt ei supplerande oppdatering annankvar månad på bakgrunn av omsetningsoppgåver frå Skattedirektoratet (SKD) og endringar av Momsmanntalet. Aktivitetskoden blir også oppdatert frå andre kjelder ein gong i året (sjå kapittel 3).

## 1.2 Kodeverk

### 1.2.1 Statuskoder

Tilstandskodene er blitt erstatta av statuskoder som viser til eininga sin formelle status. Statuskodene svarer til dei kodene som er i bruk av ER.

B - Ikkje sletta

S - Sletta

D - Sletta som dublett

F - Sletta for fusjon/fisjon (sletta for samanslåing på bedrifter)

Desse kodene er praktisk tala like for bedrifter og juridiske einingar. SSB har ansvar for oppdatering av statuskoder på bedrifter, mens Brønnøysundregistra (BR) oppdaterer koden på juridiske einingar. SSB lagar, slettar og reaktiverer bedrifter på bakgrunn av informasjon frå BR, frå fagseksjonane sine undersøkingar, kontakt med einingane og informasjon frå trygdeetaten og skatteetaten. I tillegg til dette kan vi innhente informasjon frå ulike offentlege etatar sine administrative datasystem, og denne informasjonen vil vere grunnlag for oppdatering av aktivitetskoden, som under visse forutsetningar vil vere grunnlag for oppdatering av statuskoden på bedrifter.

### 1.2.2 Typekoder

Typekoden blir sett på bedrifter og foretak (juridiske einingar) på bakgrunn av teljing av bedrifter per foretak, og i nokre tilfelle sett manuelt. Koden blir brukt til å skilje mellom einbedrifts- og fleirbedriftsforetak og bedrifter i desse, og ulike kategoriar av foretak utan bedrift. I tillegg er det egne koder for hjelpeeiningar, spesialeiningar og investeringsbedrifter.

#### Juridisk eining

01	Einbedriftsforetak
02	Fleirbedriftsforetak
03	Foretak med kun spesialeiningar
04	Hjelpeforetak
05	Foretak med kun AAFY
06	Foretak som ikkje har hatt bedrift
07	Foretak som ikkje skal ha bedrift
08	Foretak med overdradd bedrift
09	Foretak med sletta bedrift
10	Nye foretak (utan bedrift)

#### Undereining

00-	Investeringsbedrift
01	- Bedrift i einbedriftsforetak
02	- Bedrift i fleirbedriftsforetak
03	- Spesialeining (SPES)
04	- Hjelpebedrift
05	- AAFY (Verksemd til ikkje-næringsdrivande person)

Kodene 00, 03 og 04 på bedrifter blir sette manuelt på bakgrunn av opplysningar som er innhenta av fagseksjonane og Seksjon for bedriftsregister (S410). Andre koder blir sette maskinelt ut frå teljing av ikkje-sletta bedrifter (ikkje AAFY) til kvart foretak. Kodene 00, 03, 04 og 05 skal ikkje overskrivast maskinelt. Nye juridiske einingar får kode 10 (unntaket er juridiske einingar som automatisk får tildelt AAFY, og juridiske einingar med organisasjonsformer som aldri skal ha bedrift), til dei er blitt behandla

<sup>1</sup> Aktivitetskoden vart først lagt inn i skjermiletet i april. Før det var den berre tilgjengeleg for saksbehandlarar på S410.

av S410 som næringskodar foretaket og avgjer om det skal ha bedrift eller ikkje<sup>2</sup>. Dersom saksbehandlar finn at eininga ikkje skal ha bedrift, set han/ho typekoden til 07. Ved sletting og overdraging av bedrift blir antal ikkje-sletta bedrifter og AAFY telt på ny, og dersom dette er null vil foretaket få typekode 08 eller 09, avhengig av kva som er skjedd med bedrifta. Foretak som vi ved konvertering til nye koder fann at ikkje hadde hatt bedrift, men som ikkje høyrde til blant dei "nye" foretaka, fekk koden 06 - foretak som ikkje har hatt bedrift. Typekoden blir ikkje oppdatert på sletta foretak/bedrifter. Dersom ei bedrift blir overdradd til eit anna foretak etter at foretaket har fått status S, vil foretaket ikkje endre typekoden til 08.

### 1.2.3 Aktivitetskoder

Aktivitetskoden skal vise aktiviteten i ei verksemd slik den framgår av eit utval administrative register. I tillegg til aktivitetskoden vil det også vere ei kjeldekode som viser til det registeret som har oppdatert koden, og gyldighetsdato som viser til det tidspunktet opplysninga som førte til endring av koden viser til. Koden blir sett både på foretak og bedrifter. Ikkje-sletta bedrifter i einbedriftsforetak får same kode som foretaket, mens bedrifter i fleirbedriftsforetak, AAFY og sletta bedrifter, får koden sett på bakgrunn av opplysningar frå Arbeidsgivar-arbeidstakar-registeret (AA-registeret). Dette fordi AA-registeret er det einaste som brukar bedrifta sitt organisasjonsnummer som identifikasjonsnummer.

Aktivitetskoden har følgjande verdiar:

- A - Aktiv
- V - Har vore aktiv
- I - Har aldri vore aktiv
- U - Uoppgitt

Alle nye bedrifter og foretak får aktivitetskoden U. Denne vil foretaket ha til det blir registrert aktivitet i eit av registra, eller til slik aktivitet skulle ha vore registrert dersom det er starta opp noko næringsverksemd. Når det blir registrert aktivitet i eit register, får bedrifta/foretaket aktivitetskode A, og kjeldekode som viser til det aktuelle registeret. Dersom det innan ei viss tid ikkje er registrert nokon aktivitet på foretaket, vil det få aktivitetskoden I - har aldri vore aktiv. Foretak der vi registrerer opphøyr av aktivitet i form av utmelding av tilsette, slettingar i moms e.l., får koden V.

#### *Kjelder*

Aktivitetskoden blir oppdatert av ulike administrative kjelder (kjeldekode i parentes). Denne oversikten viser kva opplysningar som blir henta frå ulike kjelder. Korleis opplysningane blir brukt blir gjort greie for i kapittel 2 og 3.

#### AA-registeret ( A)

Frå AA-registeret hentar vi talet på tilsette. AA-registeret blir oppdatert ein gong i månaden.

#### Terminfiler frå Skattedirektoratet (T)

Frå terminvise omsetningsoppgåver og årsoppgåver som blir overført frå Skattedirektoratet (SKD), hentast omsetning og data om avgiftsinnbetalingar. Terminfilene blir oppdatert annankvar månad, bortsett frå årspliktige einingar (primærnæringane) som blir oppdatert årleg.

#### MVA-manntalet (M)

Frå MVA-manntalet hentar vi felte siste tomånaders termin, siste årstermin og status. Opplysningar frå MVA-manntalet blir henta inn annankvar månad i samband med oppdatering frå omsetningsoppgåvene.

<sup>2</sup> Såkalla skuggesak, sjå *Bedrifts- og foretaksregisteret Regler og rutiner for ajourhold* s. 17 (serien Notater 2000/48).

### Skatterekneskapsregisteret (K)

I Skatterekneskapsregisteret er alle arbeidsgivarar registrert med avgiftsinnbetaling (arbeidsgivaravgift) og lønsutbetalingar. Desse ligg til grunn for oppdatering av aktivetskoden. Skatterekneskapsregisteret blir oppdatert seks gonger i året, men førebels blir det brukt årsfiler i oppdatering av aktivetskoden.

### Rekneskapsregisteret (R)

Frå Rekneskapsregisteret hentar vi driftsinntekter. Rekneskapsregisteret blir oppdatert ein gong i året.

### Sjølvmeldingsregisteret (S)

Frå Sjølvmeldingsregisteret hentar vi næringsinntekt frå primærnæring og annan næring. Sjølvmeldingsregisteret blir oppdatert ein gong i året.

## 2 Førstegongs setjing og oppfølging av aktivetskoden

Her blir det gjort greie for korleis aktivetskoden er sett første gong ved hjelp av regelverk og eksempel. Resultatet av førstegongs gjennomkøyring blir dokumentert i form av tabellar som fordeler bedrifter og foretak på status-, type- og aktivetskoder. Vidare blir det gjort greie for kva bedrifter som vart følgde opp i form av maskinelle slettingar (oppteljingar), og det blir diskutert korleis vi vil følge opp andre "avvik" mellom aktivets-, status- og typekoden. Teknisk sett blir aktivetskoden sett på foretaket då alle registra (med unntak av AA-registeret) brukar juridisk organisasjonsnummer som koblingsnøkkel. Bedrifter med status B i einbedriftsforetak vil ha same aktivetskode som foretaket, medan andre bedrifter (og AAFY) berre vil bli oppdatert ut frå AA-registeret.

### 2.1 Regelverk

#### 2.1.1 Fastsetjing av aktivetskoden, første gong

Aktivetskoden blir sett på foretak i følgjande steg:

##### *AA-registeret*

- Foretak som har tilsette (ein eller fleire) skal ha aktivetskode A. Desse får kjeldekode A.

Dersom eininga ikkje har tilsette skjer følgjande:

##### *Omsetningsoppgåver/årsoppgåver frå SKD*

Berre foretak som er knytt til momseiningar som berre er knytt til eitt foretak (ikkje inngår i fellesregistreringar) kan oppdaterast ut frå omsetnings-/årsoppgåver.

- Foretak som har omsetning i momsterminfilene for siste gjeldande termin (eit av siste seks for årspliktige (hovudnæring jordbruk/skogbruk/fiske)) skal ha aktivetskode A og kjeldekode T, dersom det ikkje er knytt fleire ikkje-sletta foretak til momseininga.
- Foretak med oppgaveplikt kvar termin (ikkje årspliktige), som har levert 0-oppgåve (0 i omsetning) eller ikkje har levert har levert oppgåve siste termin skal ha aktivetskode V og kjeldekode T dersom det har momspliktig næring<sup>3</sup> og har levert "normale" omsetningsoppgåver eit av dei foregåande termin. Her tyder omsetningsoppgåvene på at aktiviteten er opphøyr. At dei får denne koden forutset at det ikkje er knytt til fleire momseiningar, og at nokon av desse har levert "normale" omsetningsoppgåver siste termin.

##### *MVA-manntalet*

- Foretak som er sletta eller har utfylt sistetermin (årstermin) i Momsmanntalet, skal ha aktivetskode V og kjeldekode M dersom det har momspliktig næring og "slettedatoen" (sistetermin/årstermin omrekna til dato eller siste ajourholdsdato) ikkje viser til tidspunkt før det er registrert aktivitet i

<sup>3</sup> Som sikre momspliktige næringar reknas alle med næring mellom 01og 46, samt næring 50.102, 50.302, 50.402, 52, 55.3-55.5, 64.240, 71.4, 74.2 og 74.4.



nokre av registra nemnde under. Foretaket må heller ikkje være knytt til andre "aktive" momseiningar.

#### *Skatterekneskapen, Rekneskapsregisteret og Sjølvmeldingsregisteret*

For foretak der det kun er registrert aktivitet i Rekneskapsregisteret, Sjølvmeldingsregisteret eller Skatterekneskapen gjeld følgjande: Dersom foretaket er sletta, eller har typekode 08 (foretak med siste bedrift seld) eller 09 (foretak med siste bedrift sletta), må aktiviteten vise til eit tidspunkt etter gyldighetsdato for status/typekode for at aktivitetskoden blir sett til A.

- Foretak som har levert skatterekneskapsoppgåver siste år, og der summen av løn eller summen av avgifter er ulik 0, skal ha aktivitetskoden A og kjeldekoden K dersom ikkje opplysningar frå moms<sup>4</sup> tilseier at aktiviteten opphørde etter at siste skatterekneskapsoppgåve vart levert (siste ajourholdsdato for evt. sletting i moms eller siste termin (årstermin) omrekna til dato er nyare enn skatterekneskapstermin omrekna til dato).
- Foretak med driftsinntekter i Rekneskapsregisteret skal ha aktivitetskoden A og kjeldekoden R, dersom ikkje opplysningane frå moms tilseier at aktiviteten opphørde etter 1. januar det året rekneskapstala er frå.
- Foretak med næringsinntekt i Sjølvmeldingsregisteret skal ha aktivitetskoden A og kjeldekoden S, dersom opplysningar frå moms ikkje tilseier at aktiviteten har opphørt etter 1. januar det året næringsinntekta er frå..
- Foretak der det ikkje kan setjast nokon kode ut frå desse kriteria får aktivitetskoden I (har aldri vore aktiv, eller U (uoppgitt)). Foretak som er registrert i ER før siste likningsår/årgang med tilgjengelege rekneskapsopplysingar (1998) får koden I, medan nyare foretak (registrert i 1998 eller seinare) der vi ikkje kan rekne med å finne opplysningar i administrative register, får U.

Aktivitetskoden blir kopiert til ikkje-sletta bedrifter i einbedriftsforetak. Andre bedrifter (bedrifter i fleirbedriftsforetak, AAFY og sletta bedrifter) får koden sett ut frå talet på tilsette. Ved første gongs kodesetting vil desse få koden A dersom dei har meldt tilsette til AA-registeret, og I dersom dei ikkje har tilsette.

#### *Datering av aktivitetskoden ved første gongs kodesetting*

Aktivitetskoden V blir datert til gyldighetsdatoen for den kjelda koden er sett ut ifrå. Når koden er sett på bakgrunn av momsterminfilene, viser gyldighetsdatoen til 28. i siste månad i siste termin det vart betalt moms. Er koden sett på bakgrunn av Momsmanntalet, blir likeleis datoen sett til 28. i siste månad i utfylt sistetermin (årstermin), eller til slettedatoen (siste ajourholdsdato) dersom eininga er sletta, men ikkje har utfylt sistetermin (årstermin).

Gyldighetsdatoen til aktivitetskodane U og I settast lik gyldighetsdatoen til foretaksnummeret.

Ved førstegongs setjing av aktivitetskoden A, blir gyldighetsdato sett lik tilstandsdato for aktive foretak. Sletta foretak får gyldighetsdato lik foretaksnummerdato.

#### **2.1.2 Eksempeler på korleis koden blir sett**

Figur 1 viser nokon eksempel på korleis koden blir sett ut frå aktivitet i dei ulike registra. Informasjonen i kvart register kan enten indikere aktivitet eller opphøyr av aktivitet. I mange tilfeller finns det ikkje informasjon om eininga i alle registra. I figuren er indikasjonar på aktivitet markert med ein A (aktivitet), mens det motsette er markert med ein I (inaktiv) i SKD sine terminfiler og Momsmanntalet. Dersom eininga ikkje finns i det aktuelle registeret, er feltet ikkje utfylt (einingar som det ikkje er innmeldt tilsette på vil t.d. ikkje finnast i AA-registeret).

Eksempelet i linje 1 viser eit foretak med tilsette som ikkje er registrert i Momsmanntalet, og der det heller ikkje er registrert aktivitet i andre register som brukast til å oppdatere aktivitetskoden. Dette får aktivitetskoden A og kjeldekoden A.

<sup>4</sup> At sletting i moms overstyrer indikasjonar på aktivitet i andre register gjeld berre dersom foretaket har momspliktig næring.

Foretaket i linje 2 har også tilsette. Dette er registrert i Momsmanntalet, men har levert nulloppgåve siste termin. Vidare har innehaveren næringsinntekt for siste likningsår. Dette foretaket vil få aktivitetskode A og kjeldekode A.

**Figur 1: Fastsetjing av aktivitetskode og kjeldekoder**

	AA-reg	SKD-term	MVA	SK-reg	SA-reg	R-reg	Aktkode	Kjeldekode
1	A						A	A
2	A	I	A		A		A	A
3	A	A	A	A			A	A
4		A	A			A	A	T
5		I	A				V	T
6			I**		A**		V	M
7			I***			A***	A	R
8							I/U	
9			A				I/U	

\*Hjelpekoden er ein kode som skal brukast ved oppdatering av aktivitetskode, og som ikkje har nokon betydning ved førstegongs setjing. Kvant foretak vil likevel få ein hjelpekode som skal brukast ved neste oppdatering. Verdien på denne koden viser kva den vil vere i desse eksempla. Meir om denne i del 3.

\*\*I i MVA-manntalet viser her til utfylt siste-termin etter det året næringsinntekta i Sjølvmeldingsregisteret er frå.

\*\*\*I i MVA-manntalet viser her til utfylt siste-termin før det året driftsinntekt i Rekneskapsregisteret er frå.

Foretaket i linje 3 har både tilsette og har levert "normal" omsetningsoppgåve siste termin. Vidare tyder årsfilene frå Skatterekneskapet på at det er aktivitet i foretaket. Foretaket får aktivitetskode A og kjeldekode A, ettersom talet på tilsette er den mest oppdaterte informasjonskjelda. Foretaket i linje 4 har ikkje tilsette, men har levert normal omsetningsoppgåve. Vidare har foretaket driftsinntekter siste rekneskapsår. Foretaket får då aktivitetskode A og kjeldekode T. At foretaket har driftsinntekt viser ikkje på kjeldekoden. Det vil likevel ha betydning dersom det blir registrert opphøyr i Momsmanntalet, og foretaket ikkje har momspliktig næring (sjå s. 22).

Linje 5 viser eit foretak utan tilsette som har levert nulloppgåve siste termin, men som framleis er "aktivt" i Momsmanntalet. Aktivitetskoden blir då sett til V og kjeldekoden til T.

Linje 6 og 7 viser foretak utan tilsette som er sletta i Momsmanntalet. Innehavaren av foretaket i linje 6 har næringsinntekt siste likningsår, mens foretaket i linje 7 har driftsinntekt siste rekneskapsår. I linje 6 viser utfylt siste termin i Momsmanntalet til eit tidspunkt etter siste tilgjengelege likningsår. Aktivitetskoden blir difor sett til V, og kjeldekoden til M. For foretaket i linje 7 viser sistetermin i Momsmanntalet til eit tidspunkt før siste rekneskapsår. Driftsinntekta overstyrer då opplysninga frå Momsmanntalet, og aktivitetskoden blir sett til A og kjeldekoden til R.

Linje 8 og 9 viser eksempel på foretak der det ikkje er rapportert om aktivitet i nokon av registra. Både når foretaket ligg som "aktivt" i Momsmanntalet (linje 9), men utan rapportert aktivitet ifølgje momsterminfilene, og når foretaket ikkje finns i Momsmanntalet, skal aktivitetskoden settast til I eller U. Det vil då ikkje finnast data på eininga i kjeldekoden.

## 2.2. Reglar for sletting av bedrifter (etter førstegongs setjing av koden)

Oppfølginga etter førstegongs setjing var ein ryddejobb der bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor vart sletta dersom dei :

1. har aktivitetskode I, eller aktivitetskode V og kjeldekode M og
2. ikkje inngår i fagseksjonane sine utval for strukturstatistikken eller lønsstatistikken og
3. ikkje har omsetnings- eller sysselsetjingstal på foretak eller bedrift som tyder på at det har vore aktivitet i bedrifta.

Når det gjeld bedrifter som inngår i fagseksjonane sine utval, så vil S410 analysere tilbakemeldingane (eller mangel på tilbakemeldingar) som fagseksjonane får opp mot aktivitetskoden. Dersom tilbakemeldinga tilseier at bedrifta skal slettast, så vil den bli sletta. Dersom vi ikkje har motteke noko tilbakemelding frå den aktuelle bedrifta, så kan aktivitetskoden vere til hjelp for å avgjere korleis bedrifta skal behandlast.

Bedrifter med aktivitetskode I vil ikkje bli sletta dersom omsetning eller sysselsetjing frå ein av dei tre siste årgangane er større enn 0. Dei av desse som ved seinare oppdatering av aktivitetskoden og statistikkdata framleis har aktivitetskode I, og ikkje har fått oppdatert omsetning/ sysselsetjing, vil bli sletta dersom omsetning/sysselsetjing var frå den eldste av dei årgangane som vart halde utanfor første gong.

På bedrifter der foretaket har utfylt sistetermin/er sletta i MVA-manntalet, vil ikkje einingar med omsetning eller sysselsetjing >0 som viser til eit tidspunkt etter opphøyr av aktivitet i Momsmanntalet<sup>5</sup>, bli sletta. Vi ser her på omsetning/sysselsetjing både på bedrift og foretak. Desse bedriftene vil bli sletta dersom dei, når neste årgang av omsetning/ sysselsetjing er klar, ikkje har fått nye tal som tyder på aktivitet i verksemda.

### 2.3 Foretak og bedrifter etter status-, type- og aktivitetskoder

Tabell 1 og 2 viser korleis henholdsvis foretak og bedrifter fordeler seg på status-, type- og aktivitetskoder. Dei viser også kva register koden er sett ut frå.. Tabell 2 viser fordeling på desse kjennemerka på undereneingane (bedrifter og AAFY) til desse foretaka. Status- og typekoder er henta frå situasjonsuttak frå BoF i februar 2000 (versjon B)<sup>6</sup>. Aktivitetskodene og tilhøyrande kjeldekoder er resultat av første gongs gjennomkøyring av overvakingssystemet. Sletta foretak og bedrifter er ikkje fordelt på typekoder. Det er heller ikkje skilt mellom dei ulike statuskodene som beskriv sletta bedrifter og foretak (sjå 1.2.1).

På ca. halvparten av alle foretak, og ca. 60 prosent av ikkje-sletta foretak, er det registrert aktivitet i eit eller fleire av dei administrative register som er brukt til å fastsetje aktivitetskoden. Over 95 prosent av fleirbedriftsforetaka og ca. 2/3 av einbedriftsforetaka er aktive. Vidare er det ein del sletta foretak, foretak som har hatt bedrift, nokre få nye foretak og foretak med nedlagt eller overdradd bedrift har aktivitetskode A. Ved sidan av inaktive (aktivitetskode I og V) foretak med bedrift, vil også aktive foretak utan bedrift og aktive sletta foretak bli følgde opp.

Nye foretak der det er registrert aktivitet er i hovudsak foretak som er lasta frå ER, og som har vore aktive før dei vart lagte inn i BoF. Nye foretak som har fått aktivitetskoden I - har aldri vore aktiv- er foretak som er "gamle" i ER, men som nyleg er lagte inn i BoF. I aktive sletta foretak, og aktive foretak med nedlagt eller overdradd bedrift, er aktiviteten enten registrert som tilsette eller omsetning i momsterminfilene, eller som annan aktivitet etter at bedrifta vart sletta/overdradd eller foretaket vart sletta. For desse foretaka bør ein avvente ei ny oppdatering av aktivitetskoden før eventuell oppfølging. Ei anna interessant gruppe er foretak som ikkje har hatt bedrift der det er registrert aktivitet i ulike administrative register. I størstedelen av desse foretaka er aktiviteten registrert i Rekneskapsregisteret (ca. 6 700), momsterminfilene (ca. 2 500) og Skatterekneskapet (ca. 2 500). Sjølv om aktiviteten her er av eldre dato, i alle fall når det gjeld Rekneskapsregisteret, så er det opplagt at desse foretaka må analyserast nærare. Fire slike foretak har dessutan tilsette. Dette er mogleg dersom dei har undereneing (bedrift eller AAFY) som kun er registrert i ER.

<sup>5</sup> Ved førstegongs setjing av aktivitetskoden vart gyldighetsdatoen feil på bedrifter med aktivitetskode V. Dette medførte at ein del av bedriftene som ifølgje regelverket skulle slettast ikkje vart sletta. I dei følgjande oppteljingane (tabell 3, s. 11) fell desse i kategorien "bedrifter med statistikkdata", og ikkje i kategorien "bedrifter utan statistikkdata". Dei bedriftene som skulle ha vore sletta vart sletta ved neste gjennomkøyring av sletteprosedyrene i overvakingssystemet.

<sup>6</sup> Det blir laga to situasjonsuttak frå BoF i månaden. Versjon A blir tatt i begynnelsen av kvar måned, og versjon B midt i månaden. Berre einingar som er med i det som SSB definerer som statistisk populasjon er med på situasjonsuttaket. Dvs. at ein del einingar som er registrert i ER blir haldne utanfor situasjonsuttaket, og utafør desse oppteljingane.

I ca. 43 000 einbedriftsforetak, 189 fleirbedriftsforetak og ca. 3 500 foretak med AAFY, er det ikkje registrert aktivitet i dei registra som blir brukt til å oppdatere aktivitetskoden. Vidare tyder opplysningane frå Momsmanntalet og momsterminfilene på at aktiviteten er opphøyrte i ca. 37 500 einbedriftsforetak, 57 fleirbedriftsforetak og 2 136 foretak med AAFY.

Tabell 2 viser korleis bedriftene (og AAFY) fordeler seg på desse aktivitetskodane. I prinsippet skal talet på einbedriftsforetak og bedrifter i einbedriftsforetak vere identisk. Vi ser her at det er eit lite avvik, og dette skuldast at eit fåtal einingar har feil typekode.

Tabell 1: Foretak fordelt på aktivitetskoder, kjeldekoder og foretakstyper

	B										S	
	I alt	I alt	01 - Einbedrifts- foretak	02 - Fleibedrifts- foretak	04 - Hjelpe- foretak	05 - Foretak med kun AAFY	06 - Foretak som ikkje har hatt bedrift	07 - Foretak som ikkje skal ha bedrift	08 - Foretak med siste bedrift seld	09 - Foretak med siste bedrift nedlagt	10 - Nye foretak	
I alt	673 156	551 483	414 461	8 192	32	12 341	31 312	9 383	16 584	51 841	7 337	121 673
A - Aktiv												
I alt	320 382	317 606	278 903	7 885	24	2 948	12 850	497	4 639	9 792	68	2 776
A - AA-registeret	137 039	136 206	125 728	7 632	20	1 958	4	7	201	655	1	833
K - Skatteregnskapet	27 389	26 752	21 400	58	1	734	2 529	313	652	1 027	38	637
R - Rekneskapsregisteret	17 531	17 531	9 626	17	1	1	6 720	6	434	726	.	.
S - Sjølvmeldingsregist- eret	68 237	68 237	60 324	54	2	12	1 074	.	1 622	5 148	1	.
T - Momsterminfiler	70 186	68 880	61 825	124	.	243	2 523	171	1 730	2 236	28	1 306
I - Har ikkje vore aktiv												
I alt	165 073	95 325	43 827	189	5	3 491	13 389	5 547	4 536	24 120	221	69 748
U - Uoppgitt												
I alt	74 712	71 352	54 270	61	1	3 766	1 672	2 076	943	1 550	7 013	3 360
V - Har vore aktiv												
I alt	112 989	67 200	37 461	57	2	2 136	3 401	1 263	6 466	16 379	35	45 789
M - Momsmanntalet	98 222	52 699	25 269	31	2	1 966	2 890	1 153	5 678	15 677	33	45 523
T - Momsterminfiler	14 767	14 501	12 192	26	.	170	511	110	788	702	2	266

Tabell 2: Bedrifter fordelt på aktivitetskoder, kjelder og bedriftstype (februar 2000)

	B						S		
	I alt	I alt	01 - Bedrift i einbedrifts- foretak	02 - Bedrift i fleirbedrifts- foretak	03 - Spesial- eining (SPES)	04 - Hjelpe- bedrift	05 - AAFY*	Ikkje- sletta bedrift kn. til sl.foretak	
I alt	659 470	485 692	414 415	48 308	415	3 047	14 162	5 345	173 778
A - Aktiv									
I alt	322 956	322 002	278 826	37 788	.	2 537	2 072	779	954
A - AA-registeret	169 723	168 769	125 683	37 787	.	2 537	2 072	690	954
K - Skatterekneskapet	21 393	21 393	21 393	.	.	.	.	.	.
R - Rekneskapsregisteret	9 623	9 623	9 622	.	.	.	.	1	.
S -Sjølvmeldingsregisteret	60 317	60 317	60 317	.	.	.	.	.	.
T - Momsterminfiler	61 900	61 900	61 811	1	.	.	.	88	.
I - Har ikkje vore aktiv									
I alt	243 153	70 329	43 851	10 519	415	510	12 090	2 944	172 824
A - AA-registeret	45 147	45 146	43 809	.	.	.	.	1 337	1
A - AA-registeret	198 006	25 183	42	10 519	415	510	12 090	1 607	172 823
U - Uoppgitt									
I alt	54 698	54 698	54 291	1	.	.	.	406	.
V - Har vore aktiv									
I alt	38 663	38 663	37 447	.	.	.	.	1 216	.
M - Momsmanntalet	26 408	26 408	25 257	.	.	.	.	1 151	.
T - Momsterminfiler	12 255	12 255	12 190	.	.	.	.	65	.

\*AAFY er henta frå "situasjonsuttaket" frå ER

## 2.4 Oppfølging av einingar på bakgrunn av aktivitetskoden

Der det ikkje er samsvar mellom status, type og aktivitetskode, vil det vere grunnlag for oppfølging av eininga.

### 2.4.1 Sletting av bedrifter

Regelverket seier at alle bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor<sup>7</sup> med aktivitetskode I, og med aktivitetskode V og der foretaket er sletta/har utfylt siste termin i Momsmanntalet (kjeldekode M), skal slettast dersom dei ikkje er med i fagseksjonane sine utval (strukturstatistikkane og lønsstatistikken), og der innhenta statistikkdata ikkje tyder på aktivitet etter at opplysningane i dei administrative registra tyder på at aktiviteten er opphøyr.

Tabell 3 viser korleis bedriftene (bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor) i BoF, som vi ikkje har registrert aktivitet<sup>8</sup> på, fordeler seg på aktivitetskoder, kjeldekoder, om dei er med i fagseksjonane sine utval, og om statistikkdata tyder på at det er aktivitet i bedrifta/foretaket. Med det meines at bedrifta eller foretaket har omsetning eller sysselsetjing større enn null. Dersom det ikkje er registrert nokon aktivitet i andre administrative register, inneber J til statistikkdata at omsetning eller sysselsetjing større enn null er for ein av dei tre siste årgangane. Dersom opplysningane frå momssystemet tilseier at aktiviteten er opphøyr, tyder J til statistikkdata at bedrifta eller foretaket har omsetning eller sysselsetjing større enn null, som er datert til etter at aktivitetskoden tilseier at aktiviteten er opphøyr.

Tabell 3: Bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor fordelt på aktivitetskoder, statistikkdata og om dei er med i utval

Aktivitetskode	I alt	Ikkje i utval		I utval	
		Statistikkdata		Statistikkdata	
		J	N	J	N
I alt	134 156	29 387	86 597	8 541	9 631
I - Har ikkje vore aktiv	42 477	10 068	19 776	6 773	5 860
U - Uoppgitt	54 241	3 893	46 357	748	3 243
V - Har vore aktiv					
M - Momsmanntalet	25 255	7 599	16 734	553	369
T - Momsterminfiler	12 183	7 827	3 730	467	159

For i alt 134 156 bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor er det ikkje registrert aktivitet, eller det er registrert opphøyr av aktivitet i dei administrative registra som blir brukt til å oppdatere aktivitetskoden.

54 241 av desse er såpass nye at vi ikkje kan forvente å ha registrert aktivitet på dei enno, og desse har fått aktivitetskoden uoppgitt - U. I ein del av desse vil vi, når aktivitetskoden blir oppdatert ved hjelp av Sjølvmeldingsregisteret og Rekneskapsregisteret, framleis ikkje ha registrert aktivitet. Desse vil då få aktivitetskode I (avhengig av registreringsdato i ER). Dei av desse som framleis ikkje er med i noko utval, og som ikkje har statistikkdata, vil då bli sletta.

42 477 bedrifter har fått aktivitetskode har aldri vore aktiv - I, og av desse er det aktuelt å slette dei som ikkje er med i noko utval, og som ikkje har omsetning eller sysselsetjing større enn null<sup>9</sup> ein av dei tre siste årgangane. I alt 19 776 bedrifter er det aktuelt å slette på bakgrunn av dette. Tabell 4 viser korleis desse fordeler seg på tosiffer næring, og om dei finns i nokon av registra eller ikkje.

<sup>7</sup> Privat og offentleg sektor er identifisert ved juridisk eining si organisasjonsform. I privat sektor inngår alle bedrifter som ikkje er knytt til juridisk eining med org.formene ORGL, KOMM, FYLK, STAT, SF, KF, IKF og KIRK.

<sup>8</sup> Alle bedrifter med aktivitetskodane I, U og V (også dei med kjeldekode T)

<sup>9</sup> Verken bedrift eller foretak har omsetning eller sysselsetjing større enn null.

Av i alt 37 438 bedrifter der det er registrert opphøyr av aktivitet i moms, så er 25 255 einingar sletta eller har utfylt siste termin (årstermin) i Momsmanntalet. Av desse er 16 734 ikkje med i noko utval, og det er ikkje innhenta statistikkdata på eininga etter at den vart sletta/fekk utfylt sistetermin i Momsmanntalet.

I alt vart 37 888 bedrifter sletta på bakgrunn av aktivitetskoden. Dette talet inkluderer også ein del bedrifter som ikkje ligg på situasjonsuttaket (t.d. på grunn av foretaket si organisasjonsform). I tillegg har det skjedd endringar mellom situasjonsuttaket tabellen er basert på, og uttrekket av bedrifter som skulle slettast. Dette gjer at ikkje alle bedriftene var med i sletteprosessen (t.d. fordi dei vart sletta av andre grunnar før denne slettinga). Dette forklarar avviket mellom talet på bedrifter som skulle vore sletta i følgje tabell 3 (36 510 bedrifter i alt), og kor mange bedrifter som faktisk vart sletta.

Dei vidare analysene omfattar 36 321 bedrifter som faktisk vart sletta i denne prosessen, og som var ikkje sletta på andre situasjonsuttak i februar 2000. Av desse var 19 701 bedrifter sletta på bakgrunn av aktivitetskode I, og 16 620 sletta på bakgrunn av aktivitetskode V.

#### *Bedrifter med aktivitetskode I*

Tabell 4 viser korleis bedrifter som vart sletta på bakgrunn av aktivitetskode I fordeler seg på næring (tosiffer NACE). Ein stor del av desse (ca. 7 500) manglar eller har ugyldig næringskode. Dei øvrige fordeler seg på andre næringskodar, med flest einingar i "store næringsområder" som varehandel, eigeomsdrift og tjenesteyting. Tabell 5 viser at dei fleste av desse bedriftene er knytt til foretak som vart registrert i BoF i 1995. Det var då BoF vart eit tilknytt register til ER, og desse einingane vart lagt inn i BoF i samband med konverteringa. Sidan den tid er det ikkje registrert nokon aktivitet i foretaket. Alle bedriftene er knytt til foretak som vart registrert i ER før 1998, men som det går fram av tabellen kan foretaket ha blitt registrert i BoF på eit seinare tidspunkt (ei bedrift er knytt til eit foretak som vart registrert i BoF i 1998).

#### *Bedrifter med aktivitetskode V*

Dei bedriftene med aktivitetskode V som vart sletta, er fordelt på næringskode og omsetning (tabell 6) og sysselsetjing (tabell 7). Omsetninga og sysselsetjinga viser til før foretaket vart sletta/fikk utfylt sistetermin i Momsmanntalet<sup>10</sup>, og er datert til ein av dei tre siste årgangane. Dersom sysselsetjing og omsetningstala er eldre, er dei sett til 0. Størstedelen av bedriftene har verken omsetning eller sysselsetjing. Det er likevel 106 bedrifter med over 1/2 million i omsetning. Berre 7 bedrifter har fleire enn 4 sysselsette. Dei fleste bedriftene med omsetning av ein viss størrelse er bygg- og anleggsverksemder (næring 45), og innan detaljhandel og reparasjon av varer (næring 52). Av øvrige bedrifter som skal slettast er en stor del innan primærnæringane.

#### **2.4.2 Oppfølging av andre einingar**

Andre einingar som bør følgjast opp er inaktive bedrifter i fleirbedriftsforetak, "aktive" foretak utan bedrift og "aktive" sletta einingar. Omfanget av dette skulle gå fram av tabell 1 og 2. Av tabell 1 og 2 ser vi at det er 833 sletta foretak og 954 sletta bedrifter med tilsette. Vidare er det registrert aktivitet i ein del foretak utan bedrift. Ein del av desse er foretak der verksemda synes der SSB har registrert opphøyr (foretak med typekode 08 og 09), men som framleis er aktive i dei registra som oppdaterer aktivitetskoden. Størstedelen er likevel foretak som ikkje har hatt bedrift (06) der det er registrert aktivitet i Rekneskapsregisteret, Skatterekneskapsregisteret og/eller momsterminfilene. For å avgjere om det skal lagast bedrift på desse foretaka, må det bl.a. setjast størrelsegrenser. Tabell 8 og 9 viser desse foretaka fordelt på organisasjonsform, næringskode og kjeldekode. Vidare analysar av desse einingane vil ikkje bli gjort her.

<sup>10</sup> Bedrifter med omsetning/sysselsetjing datert til etter at foretaket vart sletta/fekk utfylt siste termin i Momsmanntalet, var det ikkje aktuelt å slette.



**Tabell 4: Bedrifter i einbedriftsforetak som skal slettast på bakgrunn av aktivitetsskode I fordelt på næring**

-----		I alt
I alt		19 701
00 Uoppgitt næring		7 491
01 Jordbruk, jakt og viltstell		292
02 Skogbruk		114
05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett		166
11 Utv. av råolje- og naturgass, ink. tj.		98
13 Bryting av metallholdig malm		1
14 Bergverksdrift ellers		31
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri		87
17 Tekstilindustri		69
18 Bekledningsindustri		36
19 Lær- og lærvareindustri		7
20 Trelast- og trevareindustri		95
21 Treforedling		6
22 Forlag og grafisk industri		290
23 Oljeraffinering		2
24 Kjemisk industri		15
25 Gummivare- og plastindustri		16
26 Mineralproduktindustri		55
27 Metallindustri		8
28 Metallvareindustri		149
29 Maskinindustri		157
30 Data- og kontorutrustningsindustri		5
31 Elektroteknisk industri		25
32 Radio og fjernsynsindustri		14
33 Instrumentverkstedsindustri		30
34 Motorkjøretøyindustri		5
35 Annen transportmiddelindustri		58
36 Møbelindustri og annen industri		114
37 Gjenvinning		6
40 Kraftforsyning		41
41 Vannforsyning		7
45 Bygge- og anleggsvirksomhet		611
50 Motorkjøretøytjenester		215
51 Agentur- og engroshandel	1	553
52 Detaljhandel og reparasjon av varer		677
55 Hotell- og restaurantvirksomhet		111
60 Landtransport og rørtransport		165
61 Sjøtransport		212
62 Lufttransport		1
63 Tjenester tilknyttet transport		155
64 Post og telekommunikasjoner		21
65 Finansiell tjenesteyting		8
66 Forsikring og pensjonskasser		42
67 Hjelpevirks.finansiell tj.yting		131
70 Eiendomsdrift	1	172
71 Utleievirksomhet, mask. og utstyr		75
72 Databehandlingsvirksomhet		317
73 Forskning og utviklingsarbeid		10
74 Annen forretn.tjenesteyting	2	092
75 Off.adm. og forsvar, sosialforsikr.		7
80 Undervisning		354
85 Helse-, sosialtjenester		836
90 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet		18
91 Interesseorganisasjoner		124
92 Kulturell tjenesteyting og sport	1	048
93 Annen personlig tjenesteyting		168
95 Lønnet husarbeid		87
99 Internasj. org.		1

**Tabell 5: Bedrifter i einbedriftsforetak  
som skal slettast på bakgrunn av aktivitetskode  
I fordelt på foretakets registreringsår i BoF**

	I alt
I alt	19 701
1965	125
1967	5
1968	2
1969	1
1970	14
1971	40
1972	50
1973	61
1974	6
1975	7
1976	29
1977	22
1978	26
1979	22
1980	42
1981	55
1982	56
1983	69
1984	70
1985	83
1986	135
1987	144
1988	227
1989	185
1990	231
1991	248
1992	237
1993	266
1994	176
1995	10 848
1996	2 879
1997	3 339
1998	1

**Tabell 6: Bedrifter til einbedriftsforetak som er sletta/har utfylt siste termin i moms fordelt etter næring (tosiffer NACE) og omsetning (i tusen kroner)**

	I alt	0	1- 49	50- 99	100-499	500-999	1 000-
I alt	16 620	15 996	118	118	282	53	53
01 Jordbruk, jakt og viltstell	6 290	6 260	6	6	15	1	2
02 Skogbruk	1 882	1 856	7	7	10	1	1
05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett	1 170	1 159	4	1	1	.	5
10 Bryting av kull, utvinning av torv	1	1	.	.	.	.	.
22 Forlag og grafisk industri	1	1	.	.	.	.	.
36 Møbelindustri og annen industri	1	1	.	.	.	.	.
37 Gjenvinning	1	1	.	.	.	.	.
40 Kraftforsyning	3	3	.	.	.	.	.
41 Vannforsyning	3	3	.	.	.	.	.
45 Bygge- og anleggsvirksomhet	2 776	2 555	32	51	116	9	13
50 Motorkjøretøytjenester	271	248	.	2	8	7	6
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	1 912	1 731	52	35	59	19	16
55 Hotell- og restaurantvirksomhet	449	413	.	4	19	8	5
60 Landtransport og rørtransport	748	701	3	4	35	4	1
63 Tjenester tilknyttet transport	9	9	.	.	.	.	.
70 Eiendomsdrift	1	1	.	.	.	.	.
71 Utleievirksomhet, mask. og utstyr	135	128	3	.	4	.	.
72 Databehandlingsvirksomhet	60	50	1	1	4	1	3
73 Forskning og utviklingsarbeid	1	1	.	.	.	.	.
74 Annen forretn.tjenesteyting	661	629	10	7	11	3	1
85 Helse-, sosialtjenester	37	37	.	.	.	.	.
90 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet	15	15	.	.	.	.	.
91 Interesseorganisasjoner	8	8	.	.	.	.	.
92 Kulturell tjenesteyting og sport	30	30	.	.	.	.	.
93 Annen personlig tjenesteyting	153	153	.	.	.	.	.
95 Lønnet husarbeid	2	2	.	.	.	.	.

Tabell 7: Foretak som er sletta/utfylt siste termin i moms fordelt etter næring (tosiffer NACE) og sysselsetjing

	I alt	0	1- 4	5- 9	10-49	50-
I alt	16 620	15 996	617	4	2	1
01 Jordbruk, jakt og viltstell	6 290	6 260	30	.	.	.
02 Skogbruk	1 882	1 856	25	.	1	.
05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett	1 170	1 159	11	.	.	.
10 Bryting av kull, utvinning av torv	1	1	.	.	.	.
22 Forlag og grafisk industri	1	1	.	.	.	.
36 Møbelindustri og annen industri	1	1	.	.	.	.
37 Gjenvinning	1	1	.	.	.	.
40 Kraftforsyning	3	3	.	.	.	.
41 Vassforsyning	3	3	.	.	.	.
45 Bygge- og anleggsverksemd	2 776	2 555	221	.	.	.
50 Motorkøyretytenester	271	248	23	.	.	.
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	1 912	1 731	179	2	.	.
55 Hotell- og restaurantverksemd	449	413	34	1	1	.
60 Landtransport og rørtransport	748	701	47	.	.	.
63 Tenester knytta til transport	9	9	.	.	.	.
70 Eigeomsdrift	1	1	.	.	.	.
71 Utleigeverksemd, mask. og utstyr	135	128	7	.	.	.
72 Databehandlingsverksemd	60	50	10	.	.	.
73 Forskning og utviklingsarbeid	1	1	.	.	.	.
74 Annan forretn.teenesteyting	661	629	30	1	.	1
85 Helse-, sosialteenester	37	37	.	.	.	.
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	15	15	.	.	.	.
91 Interesseorganisasjonar	8	8	.	.	.	.
92 Kulturell tenesteyting og sport	30	30	.	.	.	.
93 Annen personlig tjenesteyting	153	153	.	.	.	.
95 Løna husarbeid	2	2	.	.	.	.

Tabell 8: "Aktive" foretak som ikkje har hatt bedrift fordelt på organisasjonsform og type aktivitet

	I alt	A - AA- registeret	K - Skatteregn- skapet	R - Rekneskaps- registeret	S - Sjøvmeldings- registeret	T - Momsstermin- filer
I alt	12 850	4	2 529	6 720	1 074	2 523
ANNA - Annan juridisk person	23	.	21	.	.	2
ANS - Ansvarleg selskap	314	.	21	.	181	112
AS - Aksjeselskap	8 502	.	1 325	6 720	.	457
ASA - Allment aksjeselskap	1	.	1	.	.	.
BA - Selskap med avgrensa ansvar	223	.	20	.	.	203
BO - Andre bo	2	.	2	.	.	.
BRL - Burettslag	791	.	791	.	.	.
DA - Selskap med delt ansvar	58	.	1	.	34	23
ENK - Enkeltmannsforetak						
EØ	2 502	1	126	.	859	1 516
FLI - Forening/lag/innretning	16	.	14	.	.	2
IKJP - Andre ikkje juridiske personar	14	.	9	.	.	5
KBO - Konkursbo	18	.	17	.	.	1
KS - Kommandittselskap	13	.	9	.	.	4
KTRF - Kontorfellesskap	1	.	1	.	.	.
NUF - Norsk avdeling av utenlandsk foretak	116	1	7	.	.	108
ORGL - Organisasjonledd	2	2	.	.	.	.
PRE - Partrederi	2	.	.	.	.	2
STI - Stiftelse						
SÆ	142	.	133	.	.	9
SÆR	1	.	1	.	.	.
VIFE - Verksemd drive i fellesskap	109	.	30	.	.	79

Tabell 9: "Aktive" foretak som ikkje har hatt bedrift fordelt på næring (tosiffer NACE) og type aktivitet

	I alt	A - AA - reg.	K - Skatte- rekneksap	R - Rekne- skapsreg.	S - Sjølvs- meldingsr-	T - Moms- termin
I alt	12850	4	2529	6720	1074	2523
00 Uoppgitt næring	1262	.	125	511	305	321
01 Jordbruk, jakt og viltstell	299	.	97	14	115	73
02 Skogbruk	43	.	8	5	21	9
05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett	76	.	2	18	53	3
11 Utv. av råolje- og naturgass, ink. tj.	17	.	2	14	.	1
14 Bergverksdrift elles	68	.	.	4	6	58
15 Næringsmiddel- og drikkevareindustri	49	.	9	16	4	20
16 Tobakksindustri	1	.	.	1	.	.
17 Tekstilindustri	27	.	4	.	2	21
18 Klesindustri	11	.	1	2	1	7
19 Lær- og lærvareindustri	3	.	.	.	1	2
20 Trelast- og trevareindustri	147	.	2	12	20	113
21 Treforedling	4	.	2	1	.	1
22 Forlag og grafisk industri	152	.	8	26	8	110
24 Kjemisk industri	5	.	.	2	.	3
25 Gummivare- og plastindustri	10	.	1	3	.	6
26 Mineralproduktindustri	17	.	1	2	1	13
27 Metallindustri	4	.	.	1	1	2
28 Metallvareindustri	37	.	3	2	5	27
29 Maskinindustri	50	.	4	6	1	39
30 Data- og kontorutrustningsindustri	1	.	1	.	.	.
31 Elektroteknisk industri	13	.	1	5	2	5
33 Instrumentverkstasindustri	6	.	1	2	1	2
34 Motorkeyretyindustri	1	.	.	.	.	1
35 Annan transportmiddelindustri.	16	.	2	3	.	11
36 Møbelindustri og annan industri	51	.	2	2	4	43
37 Gjenvinning	2	.	.	2	.	.
40 Kraftforsyning	4	.	.	2	1	1
41 Vassforsyning	22	.	1	1	.	20
45 Bygge- og anleggsverksemd	387	.	50	93	58	186
50 Motorkeyretytenester	119	.	10	23	15	71
51 Agentur- og engroshandel	286	.	15	69	31	171
52 Detaljhandel og reparasjon av varer	276	.	15	39	59	163
55 Hotell- og restaurantverksemd	138	.	20	61	23	34
60 Landtransport og rørtransport	326	1	21	20	59	225
61 Sjøtransport	306	.	39	251	.	16
62 Lufttransport	9	.	.	6	2	1
63 Tenester knytt til transport	213	.	29	150	2	32
64 Post og telekommunikasjon	9	.	3	3	2	1
65 Finansiell tenesteyting	2	.	.	2	.	.
66 Forsikring og pensjonskasser	5	.	5	.	.	.
67 Hjelpevirks.finansiell tj.yting	14	.	2	11	1	.
70 Egedomsdrift	6759	.	1757	4639	127	236
71 Utleigeverksemd , mask. og utstyr	100	.	6	32	13	49
72 Databehandlingsverksemd	59	.	6	29	3	21
73 Forskning og utviklingsarbeid	6	.	.	5	1	.
74 Annan forretn.tjenesteyting	851	1	137	488	56	169
75 Off.adm og forsvar, sosialforsikr.	2	.	.	.	.	2
80 Undervisning	32	.	7	11	1	13
85 Helse-, sosialtenester	134	2	59	42	23	8
90 Kloakk- og renovasjonsverksemd	12	.	1	1	2	8
91 Interesseorganisasjonar	58	.	24	7	1	26
92 Kulturell teenesteyting og sport	174	.	39	78	15	42
93 Annan personleg tenesteyting	172	.	6	3	26	137
95 Løna husarbeid	2	.	.	.	2	.
99 Internasj. org.	1	.	1	.	.	.

## 3 Løpande oppdatering og oppfølging av aktivitetskoden

### 3.1 Oppdatering av aktivitetskoden

Aktivitetskoden blir oppdatert når det foreligg nye versjonar av registra som blir brukt til å oppdatere koden. Den blir oppdatert på bakgrunn av AA-registeret ein gong i månaden, og av data frå momsterminfilene/Momsmanntalet annan kvar måned<sup>11</sup>. Sjølvmeldingsregisteret og Rekneskapsregisteret blir oppdatert ein gong i året, og aktivitetskoden blir oppdatert årleg på bakgrunn av desse. Oppdateringa frå Skatterekneskapet skjer også frå ei årsfil ein gong i året. I samband med den løpande oppdateringa, blir einingar som skal følgjast opp på ulike måtar identifisert.

Bedrifter i einbedriftsforetak (i privat sektor) som endrar aktivitetskode til V eller I, vil bli sletta dersom dei ikkje er med i nokon av fagseksjonane sine utval. Om dei blir sletta med ein gong eller seinare, vil vere avhengig av kva register opphøyret er registrert i. I motsetning til i oppryddinga etter første gongs setting av aktivitetskoden, vil det i den løpande bruken av overvakingssystemet ikkje bli tatt omsyn til om det finns statistikkdata på eininga når aktivitetskoden blir endra frå A til V. Dette fordi statistikkdata som ligg i BoF vil vere eldre enn dei dataene som blir brukt til å oppdatere aktivitetskoden. Når aktivitetskoden blir endra frå U til I, blir det teke omsyn til eventuelle statistikkdata før bedrifta blir sletta.

#### 3.1.1 Oppdatering frå AA-registeret

Kvar måned, når det foreligg nye tal på tilsette, blir aktivitetskoden på bedrifter og foretak oppdatert. Endringar inntreff berre dersom det blir meldt tilsette på ei eining som tidlegare ikkje har hatt tilsette, eller når alle tilsette blir utmelde.

*Frå 0 til >0*

Dersom talet på tilsette er større enn null, blir aktivitetskoden sett til A og kjeldekoden til A (eks. 1, fig. 2). Merk her at kjeldekoden blir endra til A, også når aktivitetskoden var A frå før, men med ein annan kjeldekode (eks. 2, fig. 2). Dersom aktivitetskoden ikkje var A i utgangspunktet, blir gyldighetsdatoen sett til gyldighetsdatoen for talet på tilsette. Gyldighetsdatoen blir ikkje endra når berre kjeldekoden og ikkje aktivitetskoden blir endra.

**Figur 2: Oppdatering frå AA-registeret**

Før oppdatering av AA-reg.				Nye koder			
Eks.	Akt.-kode	Kjelde	Hjelpe-kode*	Tilsette	Orgf.orm	Akt.-kode	Kjelde
1	U/I/V			>0		A	A
2	A	T	TS	>0		A	A
3	A	A	AT	0		A	T
4	A	A	AS	0	ENK	A	S
5	A	A	A	0	ENK	V	A

\*Denne "hjelpkoden" er egentleg ein "komplett kjeldekode" som viser til alle register som det er registrert aktivitet i, samt om det er registrert opphøyr i Momsmanntalet. Den vanlege kjeldekoden viser berre til det mest oppdaterte av desse registra.

<sup>11</sup> Momsmanntalet blir oppdatert ein gong i veka, men vi har funne det lite hensiktsmessig å oppdatere aktivitetskoden så ofte.

Frå >0 til 0

Dersom foretaket i utgangspunktet hadde tilsette, men ikkje har det etter oppdatering av AA-registeret, så vil aktivitets- og kjeldekoder avhenge av kva andre kjelder det er registrert aktivitet<sup>12</sup> i (feltet hjelpekode i figurane) og foretaket si organisasjonsform. Generelt blir aktivitetskoden sett til V dersom det ikkje er levert omsetningsoppgåve (eller rapportert 0 i omsetning) siste termin (eller siste årstermin for årspliktige) (fig.2, eks. 4, linje 1.). Dersom foretaket er eit "aktivt momsforetak", vil aktivitetskoden framleis vere A, men kjeldekoden blir endra til T (fig.2, eks 3.). Når aktivitetskoden blir endra til V ut fra AA-registeret, blir gyldighetsdatoen sett til dato for tilsette siste gong det vart rapportert tilsette på eininga.

For selskapsformer der det er vanleg at innehavaren eller andre deltakarar arbeider utan å vere tilsett, gjeld eigne reglar (ENK, ANS og DA). Ved utmelding av tilsette vil aktivitetskoden ikkje endrast dersom det er aktivitet i noko anna register (t.d Sjølvmeldingsregisteret). Kjeldekoden vil då endrast til S uten at aktivitetskoden blir endra (fig. 2, eks. 4). Dersom det ikkje finns andre indikasjonar på at det er aktivitet i foretaket, så vil aktivitetskoden bli sett til V, og kjeldekoden til A (fig. 2, eks. 5). Men bedriftene blir då ikkje med i den maskinelle oppfølginga av bedrifter i einbedriftsforetak.

### *Bedrifter*

Ikkje sletta bedrifter i einbedriftsforetak får kopiert aktivitetskode og kjeldekode frå foretaket. Andre bedrifter (og AAFY) får aktivitetskode ut frå talet på tilsette. Dersom bedrifta i utgangspunktet har aktivitetskode A, så vil tilsette>0 ikkje føre til noko endring, medan tilsette=0 fører til at aktivitetskoden blir sett til V og kjeldekoden til A. Likeins vil bedrifter med aktivitetskode U, I eller V som det no blir meldt tilsette på, endre aktivitetskoden til A og kjeldekoden til A.

### **3.1.2 Oppdatering frå Momsmanntalet/SKD's terminfiler**

Aktivitetskoden blir oppdatert ut frå vår kopi av Momsmanntalet, og terminfiler frå SKD når desse filene blir overført frå SKD til SSB (annankvar månad). Aktivitetskoden blir sett ut frå status i Momsmanntalet, og om det blir levert "normale" omsetningsoppgåver (ikkje "nulloppgåve").

Med omsyn til oppdatering frå momssystemet, er det eit problem at eit foretak kan vere knytt til fleire momseiningar (multilinkar), og at kvar momseining kan vere knytt til fleire foretak (fellesregistreringar). Aktivitetskoden kan ikkje setjast til A i eit foretak knytt til ein "aktiv" momseining dersom denne inngår i ei fellesregistrering, fordi vi ikkje kan fastslå kva foretak aktiviteten i momssystemet viser til. Der foretaket er knytt til fleire momseiningar, blir det alltid oppdatert ut frå ei "aktiv" momseining dersom slik finns.

### *Foretak med omsetning i SKD's terminfiler*

Dersom det blir levert "normal" omsetningsoppgåve på eit foretak, blir aktivitetskoden sett til A og kjeldekoden til T dersom aktivitetskoden frå før er ulik A. Gyldighetsdatoen blir då sett til første dag i terminet i den aktuelle oppdateringa. Dersom aktivitetskoden frå før var A, blir kjeldekoden endra til T dersom den i utgangspunktet var K, S eller R, men utan at gyldighetsdatoen blir endra. Dersom aktivitetskoden i utgangspunktet var A og kjeldekoden A eller T, skjer det ingen endringar på aktivitetskoden/kjeldekoden.

### *Foretak som er sletta i MVA-manntalet*

Utfylt siste 2 månaderstermin/siste årstermin og statuskode i MVA-manntalet ligg til grunn for aktivitetskoden. Dersom hovudnæring er V (annan næring enn primærnæring) og siste to-månaderstermin er utfylt, eller hovudnæring er F/J/S (fiske/jordbruk/skogbruk) og siste årstermin er

<sup>12</sup> Informasjon om kva kjelder ut over den som kjeldekoden viser til som det er aktivitet i blir også teke vare på, og i figuren finns denne i "hjelpekode". Ein M i dette feltet tyder at foretaket er sletta/har utfylt sistetermin i Momsmanntalet.



utfylt, blir aktivitetskoden sett til V. Kjeldekode blir då sett til M. Den vil også bli sett til V dersom momseininga blir sletta<sup>13</sup> (fig. 3, eks. 2).

At aktivitetskoden blir sett til V forutset at foretaket ikkje har tilsette, og at det har momspliktig næring (sjå fotnote på s. 5). Vidare må alle momseiningar som foretaket er knytt til vere sletta/ha utfylt sistetermin. Gyldighetsdatoen blir sett til 28. i siste månaden i siste termin, eller til siste ajourholdsdato dersom momseininga er sletta, og det ikkje er utfylt sistetermin.

**Figur 3: Oppdatering frå Momsmanntalet/SKD's terminfiler**

Før oppdatering av MVA..				Nye koder				
Eks.	Akt.-kode	Kjelde	Hjelpekode	St. MVA.	Omsetn.	Momsplikt	Akt.-kode	Kjelde
1	I/U/V			A	>0		A	T
2	A	S	S	S	0	J	V	M
						N	A	S
3	A	T	TR	A	0	J	V	T
						N	A	R

#### *Opphøyr av omsetningsoppgåver og "nulloppgåver"*

Aktivitetskoden blir også sett til V dersom eit foretak med aktivitetskode V og kjeldekode T sluttar å levere omsetningsoppgåver, eller leverer "nulloppgåve" (fig. 3, eks. 3). Her gjeld dei same forutsetningane som ved opphøyr i Momsmanntalet. Gyldighetsdatoen blir då sett til den 28. i siste månad i siste termin eininga leverte "normale" omsetningsoppgåver.

#### *Einingar i ikkje-momspliktige næringer*

Dersom det blir registrert opphøyr i momsinnbetalingar/nulloppgåve eller "statusendring" i MVA-manntalet på eit foretak som ikkje har momspliktig næring (næring som fell utanfor MVA-lova), eller usikker eller blanda næring, så vil dette normalt ikkje medføre at aktivitetskoden blir sett til V. Aktivitetskoden vil forbli A, og kjeldekode blir endra til eventuell annan kjelde for aktivitet (Rekneskapsregisteret eller Sjølvmeldingsregisteret) (fig. 3, eks. 2 og 3). Dersom det ikkje er registrert aktivitet nokon annan stad enn i SKD sine terminfiler, vil aktivitetskoden bli sett til V (fig. 3, eks. 4), men bedrifta vil bli halde unna den maskinelle oppfølginga (jf. reglar for utmelding av tilsette i ENK/ANS/DA).

### **3.1.3 Oppdatering frå Skatterekneskapet sine årsfiler**

Berre einingar som har aktivitetskode I/U/V, og einingar med aktivitetskode A og kjeldekode K, blir oppdatert ut frå Skatterekneskapet si årsfil.

#### *Avgifts/lønsutbetalingar > 0*

Dersom avgifts-/lønsutbetalingane i Skatterekneskapet er ulik 0, og eininga frå før har aktivitetskode U eller I, blir aktivitetskoden sett til A, og kjeldekode til K. Gyldighetsdatoen blir sett til første dag i første termin det er registrert avgifts-/lønsutbetalingar (fig. 4, eks. 1).

Dersom aktivitetskoden er V, vil aktivitetskoden sin gyldighetsdato vere avgjerande for korleis denne opplysninga frå Skatterekneskapet blir følgd opp. Dersom aktivitetskodens gyldighetsdato er eldre enn sist registrerte aktivitet ifølgje skatterekneskapsfila, så vil aktivitetskoden endrast til A, og kjeldekode

<sup>13</sup> Normalt blir MVA-einingar sletta etter at siste 2 månaderstermin/siste årstermin er utfylt. Slike slettingar skjer ved "skippertak" ein gong i året. Det hender at MVA-einingar blir sletta utan at sistetermin er utfylt, men då har den som regel aldri vore i bruk.

blir sett til K. Gyldighetsdatoen blir sett til første dag i første termin det er registrert avgifts/lønsutbetalinger (fig. 4, eks. 3).

**Figur 4: Oppdatering frå Skatterekneskapets årsfiler**

<i>Før oppdatering av Skatterekneskapet.</i>				<i>Nye koder</i>			
<b>Eks.</b>	<b>Akt.-kode</b>	<b>Kjelde</b>	<b>Hjelpe-kode</b>	<b>Løn/avg.</b>	<b>Gyldighets-dato</b>	<b>Akt.-kode</b>	<b>Kjelde</b>
1	U/I			>0		<b>A</b>	<b>K</b>
2	A	K	K	0		<b>V</b>	<b>K</b>
3	V	M	M	>0	Før siste SK-term.	<b>A</b>	<b>K</b>
					Etter siste SK-term.	<b>V</b>	<b>M</b>

*Avgifts/lønsutbetalinger=0 eller manglar*

Dette får berre konsekvensar for aktivetskoden og kjeldekoden dersom denne i utgangspunktet er A og K. Når summen av avgift/løn=0, eller det ikkje er levert skatterekneskapsoppgåver eit år, så blir aktivetskoden sett til V og kjeldekoden til K (fig. 4, eks 2).

### 3.1.4 Oppdatering frå Rekneskapsregisteret

Berre einingar som har aktivetskoden I/U/V, og einingar med aktivetskoden A og kjeldekoden R, blir oppdatert ut frå Rekneskapsregisteret. På andre einingar er det kun hjelpekoden som blir oppdatert.

Det er vidare berre aksjeselskap som kan oppdaterast med rekneskapsopplysningar. Oppdateringa skjer ein gong i året når det føreligg nye rekneskapsstat (februar).

*Driftsinntekter>0*

Dersom driftsinntektene i Rekneskapsregisteret er større enn 0, og eininga frå før har aktivetskoden U eller I, blir aktivetskoden sett til A, og kjeldekoden til R. Gyldighetsdatoen blir sett til 1. januar i det aktuelle rekneskapsåret (fig. 5, eks.1).

Dersom aktivetskoden er V vil aktivetskoden sin gyldighetsdato vere avgjerande for korleis opplysninga blir frå rekneskapet blir følgd opp. Dersom denne er frå før det aktuelle rekneskapsåret, så vil aktivetskoden endrast til A og kjeldekoden blir sett til R. Ny gyldighetsdato blir 1. januar i det aktuelle rekneskapsåret (fig. 5, eks. 3).

*Driftsinntekter=0/ikkje registrert med rekneskapsopplysningar*

Dette får berre konsekvensar for aktivetskoden og kjeldekoden dersom denne i utgangspunktet er A og R, eller aktivetskoden er U. Når aktivetskoden i utgangspunktet er A, og driftsinntekt=0, eller eininga ikkje finns i Rekneskapsregisteret, så blir aktivetskoden sett til V og kjeldekoden til R (fig. 5, eks. 2).

Aksjeselskap som er registrert før det aktuelle rekneskapsåret, og som har aktivetskoden U, endrar denne til I dersom driftsinntekta er 0, eller selskapet ikkje er registrert med rekneskapsopplysningar.

**Figur 5: Oppdatering frå Rekneskapsregisteret**

<i>Før oppdatering av Rekneskapsregisteret</i>				<i>Nye koder</i>			
<b>Eks.</b>	<b>Akt.- kode</b>	<b>Kjelde</b>	<b>Hjelpe- kode</b>	<b>Drifts- inntekter</b>	<b>Gyldighets- dato</b>	<b>Akt.- kode</b>	<b>Kjelde</b>
1	U/I			>0		<b>A</b>	<b>R</b>
2	<b>A</b>	<b>R</b>	<b>R</b>	0		<b>V</b>	<b>R</b>
3	<b>V</b>	<b>M</b>	<b>M</b>	>0	Før siste rekneskapsår	<b>A</b>	<b>R</b>
					Etter siste rekneskapsår	<b>V</b>	<b>M</b>

**3.1.5 Oppdatering frå Sjølvmeldingsregisteret**

Berre einingar som har aktivitetskode I/U/V, og einingar med aktivitetskode A og kjeldekode S blir oppdatert ut frå Sjølvmeldingsregisteret. Vidare er det berre innehavarar av enkeltmannsforetak (ENK), og deltakarar med solidarisk ansvar i ANS og DA som blir registrert som personleg næringsdrivande. Aktivitetskoden blir oppdatert på bakgrunn av Sjølvmeldingsregisteret ein gong i året, når det føreligg ein ny versjon av dette registeret (i februar).

*Næringsinntekt >0*

Dersom næringsinntekta i Sjølvmeldingsregisteret er større enn 0, og eininga frå før har aktivitetskode U eller I, blir aktivitetskoden sett til A, og kjeldekoden til S. Gyldighetsdatoen 1. januar i det aktuelle likningsåret (fig. 6, eks. 1).

Dersom aktivitetskoden er V, vil aktivitetskoden sin gyldighetsdato vere avgjerande for korleis opplysninga frå Sjølvmeldingsregisteret blir følgd opp. Dersom gyldighetsdatoene er frå før det aktuelle likningsåret, så vil aktivitetskoden endrast til A og kjeldekoden blir sett til S. Gyldighetsdatoen blir sett til 1. januar i det aktuelle likningsåret (fig. 6, eks. 3). Er gyldighetsdatoen til aktivitetskode V frå etter det aktuelle likningsåret, vil opplysninga frå Sjølvmeldingsregisteret bli ignorert.

*Næringsinntekt=0/ikkje registrert i Sjølvmeldingsregisteret*

Dette får berre konsekvensar for aktivitetskoden og kjeldekoden dersom desse i utgangspunktet er A og S eller aktivitetskoden er U. Når aktivitetskoden er A og næringsinntekt=0, eller innehavar (eller tilsvarende rolleinnhavar i andre selskapsformer) ikkje finns i Sjølvmeldingsregisteret for næringsdrivande, så blir aktivitetskoden sett til V og kjeldekoden til S (fig. 6, eks. 2).

Einingar med dei aktuelle selskapsformene som er registrert før det aktuelle likningsåret, og som har aktivitetskode U, endrar denne til I dersom næringsinntekta er 0, eller innehavaren (eller tilsvarende) ikkje er registrert som næringsdrivande.

**Figur 6: Oppdatering frå Sjølvmeldingsregisteret**

<i>Før oppdatering av Sjølvmeldingsregisteret</i>				<i>Nye koder</i>			
<b>Eks.</b>	<b>Akt.-kode</b>	<b>Kjelde</b>	<b>Hjelpe-kode</b>	<b>Nærings-inntekt</b>	<b>Gyldighets-dato</b>	<b>Akt.-kode</b>	<b>Kjelde</b>
1	U/I			>0		<b>A</b>	<b>S</b>
2	A	S	S	0		<b>V</b>	<b>S</b>
3	V	M	M	>0	Før siste likningsår	<b>A</b>	<b>S</b>
					Etter siste likningsår	<b>V</b>	<b>M</b>
4	A	A	A	>0		<b>A</b>	<b>A</b>

### 3.2 Oppfølging på bakgrunn av aktivitetskoden

Ein gong i månaden, etter at aktivitetskoden er oppdatert på bakgrunn av AA-registeret og/eller SKDs terminoppgåver, skal einingar som skal slettast maskinelt eller følgjast opp på annan måte, identifiserast. Desse einingane blir identifisert gjennom uttrekk frå basen. Dette uttrekket vil vere gjenstand for maskinelle slettingar, manuell oppfølging og dokumentasjon/oppteljingar.

#### 3.2.1 Maskinelle slettingar

*Bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor*

Ein del "inaktive" (aktivitetskode I (har aldri vore aktiv) og V (har vore aktiv)) bedrifter i einbedriftsforetak i privat sektor, skal slettast dersom dei ikkje er med i fagseksjonane sine utval til struktur-/lønsstatistikken.

Bedrifter med aktivitetskode V blir då sletta dersom dei fyller ein av forutsetningane under:

- Koden er sett ut frå AA-registeret, og foretaket er også sletta i MVA-manntalet.
- Koden er sett ut frå AA-registeret, og det er gått minst 6 månader sidan utmelding av tilsette (gjeld ikkje ENK/ANS/DA).
- Koden er sett på bakgrunn av at foretaket er sletta/har utfylt sistetermin i MVA-manntalet (forutset at foretaket og bedrifta har momspliktig næring).
- Koden er sett ut frå opphøyr i omsetningsoppgåver, og er sett for minst eit år sidan (forutset at foretaket og bedrifta har momspliktig næring).
- Koden er sett ut frå Rekneskapsregisteret, Sjølvmeldingsregisteret eller Skatterekneskapet sine årsfiler.

Bedrifter med aktivitetskode I blir sletta dersom dei oppfyller begge forutsetningane under:

- Det ligg ikkje omsetnings/sysselsjettingsopplysningar på bedrift eller foretak som tilseier at det er aktivitet i bedrifta.
- Bedrifta si statuskode er ikkje endra sidan oppstart.

### *Bedrifter knytt til sletta foretak*

Ikkje-sletta bedrifter i einbedriftsforetak (i privat sektor) knytt til sletta foretak, blir sletta maskinelt dersom bedrifta har mindre enn ti tilsette og det er gått meir enn tre månader sidan foretaket vart sletta. Bedrifter i fleirbedriftsforetak, og bedrifter med ti eller fleire tilsette, blir lista ut til manuell gjennomgang.

### *AAFY utan tilsette*

AAFY er einingar som skal brukast til å melde tilsette på for juridiske einingar som ikkje driv næringsverksemd som fell inn under SSB sin definisjon av bedrifter. På ein del juridiske einingar blir det registrert AAFY automatisk. AAFY skal slettast dersom det går meir enn eit år frå oppstart utan at han blir brukt til rapportering av tilsette. Vidare skal han slettast eit halvt år etter at tilsette er utmelde (jf. sletting av bedrift i einbedriftsforetak ved utmelding av tilsette).

### **3.2.2 Dokumentasjon/oppfølging**

Slettingane vil bli dokumentert kvar månad i *BoF-Nytt*. I tillegg vil det bli gjort ein del andre oppteljingar i samband med overvakingssystemet:

- "Aktive" foretak utan bedrift fordelt på næring og organisasjonsform
- Bedrifter i fleirbedriftsforetak utan tilsette fordelt på næring og antal bedrifter i foretaket
- Bedrifter i offentleg sektor utan tilsette fordelt på organisasjonsform (nivå over organisasjonsledd)
- Inaktive einingar i momspliktige næringar

Slike einingar vil bli lista ut og gjennomgått etter behov.

## De sist utgitte publikasjonene i serien Notater

- 2000/35 N. Barrabés: Norsk standard for utdanningsgruppering: Høringsnotat. 110s.
- 2000/36 D. Roll-Hansen og C.M. Hansen: En evaluering av datainnsamling gjennom KOSTRA: Rapportering av data fra 1999-94s.
- 2000/37 B.R. Joneid og Ø. Sivertstøl: FD - trygd: Dokumentasjonsrapport: Foreløpig utførelsestønad, 1992-1998. 30s.
- 2000/38 R.N. Johnsen: Kommunale gebyrer knyttet til bolig. Januar 2000. 27s.
- 2000/39 J-A.S. Lie: Revisjon av data til Pleie- og omsorgsstatistikken i 1997 og 1998. 83s.
- 2000/40 Y. Holm, A.H. Tangen og O.M. Tidemann: Forprosjektrapport om etablering av IMF's internasjonale investeringsposisjon (IIP) for Norge. 97s.
- 2000/41 K.O. Olsen: Forsikring i nasjonalregnskapet. 42s.
- 2000/42 J. Johansen og J. Lajord: FD - Trygd: Dokumentasjonsrapport: Arbeidssøkere. 1992-1998. 74s.
- 2000/43 H.V. Sæbø: Til statistikkens pris: Prispolitikk i statistikkbyråene med hovedvekt på elektronisk formidling. 9s.
- 2000/44 E. Rønning: Omnibusundersøkelse - mai/juni 2000. Dokumentasjonsrapport. 32s.
- 2000/45 A. Holmøy og M. Høstmark: Undersøkelse om omfanget av utgifter til helse- og sosialtjenester: Dokumentasjon og tabellrapport. 116s.
- 2000/46 Fagseminar om arealpolitikk og arealstatistikk i opptakten til et nytt årtusen. Seminarrapport 30. mars 2000. 167s.
- 2000/47 Publikasjoner fra forskningsvirksomheten 1991-1999: Revidert versjon. 82s.
- 2000/48 A.-K. H. Grorud: Bedrifts- og foretaksregisteret: Regler og rutiner for ajourhold. 121s.
- 2000/49 T. Hoel, B.R. Joneid og G.E. Wangen: Trekkbas: Brukerdokumentasjon. 35s.
- 2000/50 J.F. Bjørnstad: En innføring i utvalgsundersøkelser. 91s.
- 2000/51 A.G. Pedersen: Oversikt over dødsårsaksregisterets koderegler 1996-1997. 39s.
- 2000/52 O. Klungsoyr: Sammenligning av mikroformler for prisindekser og modelltilpassning. 36s.
- 2000/53 G. Dahl og B.R. Joneid: FD - Trygd: Dokumentasjonsrapport: Inntekt og formue, 1992-1997. 36s.
- 2000/54 K. Flugsrud og G. Haakonsen: Utslipp av klimagasser i norske kommuner: En gjennomgang av datakvaliteten i utslippsregnskapet. 44s.
- 2000/56 T. Hægeland: "Ny" vekstteori: Et nytt forskningsprogram eller naturlig progresjon? Utviklingen innenfor økonomisk vekstteori vurdert i forhold til Imre Lakatos' vitenskapsfilosofi. 19s.
- 2000/57 K.-G. Lindquist: SAS-programmer for korrigerende av data fra industristatistikken og beregning av variable for analyseformål. 53s.
- 2000/58 A. Akselsen: FD - Trygd: Dokumentasjon av uttak til Sandmanutvalget (SHD). 28s.
- 2000/59 J. Johansen og Ø. Sivertstøl: FD - Trygd: Dokumentasjonsrapport: Fødsels- og sykepengene, 1992-1998. 109s.
- 2000/60 K-G. Lindquist: Database for energiintensive næringer: Tall fra industristatistikken: Oppdatert versjon av notat 97/30. 17s.
- 2000/61 O. Haugen: Utrekning av vekter til inntekts- og formuesundersøkingene 1998. 24s.
- 2000/62 Ø. Kleven: Ferieundersøkelsen 1999 Panel: Dokumentasjonsrapport. 50s.